

# Mal for omtale av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

## I. Omtale av kvart område:

1. Namn på området og kort karakteristik

*Den Indre farleia*

*- Fiskarbonden sitt landskap ved farleia*

2. Områdeavgrønsing, plassering (beliggenhet i Askeladden).

Frå Alversund til Kjelstraumen, og frå Bøkeskogen til vest....Radøy. Sjå kart.

3. Skildring av området (maks 1 side)

*I enden av den geologiske formasjonen Bergensbogane ligg eit langstrakt landskap som strekkjer seg mot nordvest. Det er rivna i talrike låge landtunger og øyar. Her er mildt kystklima og vekslende vilkår på land, frå skrint jordsmonn til større avsetningar av fruktbar, sjølvdrenerande jord. I sjøen er det rike og sterke straumar. Ei heilårsopen farlei fører frå Alverstraumen, gjennom den vidare Lurefjorden og ut Kjelstraumen.*

*Dei rike saltvasstraumane har gjeve grunnlag for meir permanent busetnad i steinalderen, og her kom tidlig byrjande jordbrukstilpassing. Den rike funnstaden Fosnstraumen er mellom dei mest framstående eksempla på tidlig permanent busetnad i landet. På Straume, like ved, er det funne om lag 4500 år gamle pollen av korn som vitnar om bufast kombinasjonsbruk av jordbruk og fiske.*

*Eit kultivert lyngheilandskap har breidd seg over mykje av området, særleg i utmarkene i ytre strøk, der det er mykje skrinn jord. Lyngheiene på Lygra er eit markant landskapselement med stor tidsdjupne, og er framstående i nasjonal samanheng. Landskapet er framleis prega av lite trevekst i ytre strøk, og har store myrer der ein har henta brensel. Det skogfattige landskapet er eit av kjerneområda for samanbygde hus, og for bruk av stein som byggemateriale til gardflorar, løer og steingjerde. Slik fortel landskapet også om eit kulturfellesskap kring Nordsjøen. Dei mange små bruka som pregar landskapet i dag har eigedomsstruktur frå etter jordskiftet, men fiskarbonden har fram til våre dagar hatt det same kombinerte livsgrunnlaget som dei som slo seg ned på Straume.*

*Ressursrikdom i området er spegla i stadnamn som Njøten og Hundvin, og har gjeve grunnlag for maktstrukturar. Gravrøyser ved farleia vitnar om storfolk i området i forhistorisk tid. Rike funn knytt til dei sjølvdrenerande dyrkingsfelta på Lygra og Seim står opp om at sagamaterialet seier dei var kongsgardar. Seim, der Håkon den gode etter tradisjonen skal være gravlagt, ligg midtvegs mellom dei tronge innløpa til farleia. Her har vore uvanleg mange bautasteinar, og enno står ein i kvar ende av den gamle innmarka i bygda. Bøkeskogen på Vollom er den nordlegaste i verda frå vikingtida, og vitnar om eit handelsnettverk til kontinentet.*

*Etter landssamlinga vart maktstrukturane i Nordhordland oppløyse. Mykje eigedom i området vart lagt under krona, kyrkja og klostra frå 1100-talet av. Kyrkjestadene Alversund, Seim, og Lygra dominerte frå no av utsynet frå leia. På Lindås ligg ruinen til ein av to kjende steinkyrkjer i Nordhordland. Truleg er den frå 1100-talet.*

*Stadnamnet Festo midtvegs i leia vitnar om ferdsla som har vore her. Handels- og overnattingsstader for langvegsfarande var det i Alverstraumen, i Kjelstraumen og på Bruknappen. Også «Kipestrilen» som heldt til i området brukte leia for å kome til Bergen med varer. Ved ventestader langs dei sterke straumane er det boltar og ringar som fortel om korleis ferdsla gjekk føre seg før motorane kom. Seinare vart dampskipkaiene knutepunkt og post-, gjestgjevar- og handelstader. Lindås slutane er eit særmerkt kulturminne frå denne tida.*

#### 4. Fastsetting av landskapskarakter:

*Landskapet ligg innaskjers, er lågt og langstrakt, og strekkjer seg mot nordvest. Det er rivna i talrike landtunger og øyer, der fjordar, straumar og sund skil og bind saman. Landskapet fortel om overgangen frå dei fyrste faste bustadene med fangst og fiske som leveveg, til eit kombinert næringsgrunnlag av fiske og jordbruk i det milde kystklimaet, heilt fram til vår tid. Lyngheilandskapet ved Lyngheisenteret på Lygra er eit markant element. Landskapet er prega av lite trevekst i ytre strøk, og store myrer. Landskapet er eit kjerneområde for samanbygde hus og for bruken av stein som byggemateriale. Kongsgarden på Seim låg i den grøderike bygda Seim, som ligg strategisk til, midtveges mellom innløpa til farleia. Her er bautasteinar, og bøkeskog frå vikingtid som fortel om handel med kontinentet.*

*I dette landskapet går den indre farleia, frå Alversund til Kjelstraumen. Leia har små og middels store rom, og passerer mange kulturminne knytt til denne viktige, heilårsopne ferdsleåra.*

#### 5. Nasjonal interesse. Grunngeving for at området er av nasjonal interesse

*Permanent busetnad og framvekst av eit kombinert næringsgrunnlag av fiske og jordbruk har stor tidsdjupne og ein kontinuitet i landskapet. Lyngheilandskapet på Lygra er sjeldant og framståande i nasjonal og internasjonal samanheng. Landskapet er eit av dei nasjonale kjerneområda for samanbygde hus og for bruk av stein som byggjemateriale, som plasserer landskapet i eit kulturelt felleskap med andre område kring Nordsjøen. I dette landskapet ligg den strategisk viktige indre farleia. Den har mange kulturminne knytt til seg med stor tidsdjupne og høg opplevingsverdi. Her er mange gravrøyser som vitnar om maktstrukturar i forhistoria. Kongsgarden på Seim vitnar om kor viktig den indre farleia var i vikingtid og kva rolle den spelte i Noregshistoria.*

#### 6. Råd om sårbarheit, tålegrenser, forvaltning

Sårbarheit og tolegrenser:

*Landskapet er sårbart for treplanting og attgroing, brukonstruksjonar over leia og høge konstruksjonar.*

Forvaltning:

*Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegner og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltninga av området, og rammer for bruken av det.*

*Steinkyrkja på Lindås: (1721)*

*Skriftekammeret (det gamle koret) – 9 alen langt og 10 bredt = 5.7 m langt og 6.3 m bredt*

*Coret – 15 alen langt, kan ha vore lengre, og 16 alen bredt = 9.4 m langt og 10.1 m bredt...+*

*Kirken 22 alen langt og 16 alen bred = 13.84 m lang og 10.07 m bred, altså truleg 12.5+meter og 8.5+ meter*

*Det vestre Waabehuus – 5 alen langt og 8 alen bredt = 3.15 m bred og 5.06 m bred*

*Det Søre Waabehuus – 4 x 4 alen = 2.52 x 2.52 m*

*Treveggane var ca 8 alen høge = ca 5 meter høgd til gesims*

*Opprinnelig et lite kvadratisk kor og et noe større skip.*

*Litt større enn Moster og Etne, litt mindre enn Fitjar*